



BREMANGER KOMMUNE

PLAN OG FORVALTNING

Det kongelige landbruks- og matdepartement

Pb. 8007 Dep
0030 OSLO

Vår ref.
14/2353-3/K2-V60, K3-&13/MM

Dykkar ref.

Dato:
12.12.2014

Forslag om oppheving av konsesjonslova og buplikta - høyringsuttale frå Bremanger kommune

Viser til Dykkar forslag om å oppheve lov 28. november 2003 nr. 98 om konsesjon ved erverv av fast eiendom (konsesjonsloven) mv., og enkelte punkt i lov 28. juni 1974 nr. 58 om odelsretten og åsetesretten (odelslova) om buplikt.

Formannskapet i Bremanger kommune handsama saka i møte 04.12.14, sak 131/14 og det vart vedteke å gje fylgjande uttale frå kommunen til høyringa:

Konsesjonsloven og buplikta er to av fleire viktige verkemiddel for eit aktivt og attraktivt landbruk i heile landet. Landbruks- og distriktspolitikken er i stor grad bygt på den norske landbruksmodellen og vi meiner den må oppretthaldast. Vi føreset at det skal være mogleg å drive eit variert og lønsamt landbruk og at det framleis skal bu folk i heile landet.

Buplikta i konsesjonslova og odelslova er veldig viktig som distriktspolitiske verkemiddel, for å sikre busetjing i distrikta. Konsekvensen av å avvikle konsesjonslova og buplikta er at ein kan redusere lokalt eigarskap og ein opnar for uønska oppkjøp med konsentrering av eigedomar på få hender. I tillegg vil ein truleg få høgare prisnivå på landbrukseigedomar som igjen svekkjer moglegheita for å gjere naudsynte investeringar, redusert matproduksjon og vanskar med rekruttering til landbruksyrket.

Bremanger kommune vil sterkt fråråda at konsesjonsloven opphevast og at buplikta i odelslova avviklast, men vil at den blir justert til regelverket utan å oppheve lova.

Med helsing

(sign)
Magnhild Myklebust
Leiar plan og forvaltning



BREMANGER KOMMUNE
«SOA_NAVN»

Kontoradresse:
«Soa_Adr2»
«Soa_Postnr»
«Soa_Poststed»

Postadresse:
«Soa_Adr»
«Soa_Postnr»
«Sse_Poststed»

Telefon / telefaks:
«Sbr_Tlf»
«Soa_Fax»

E-post / web:
«Sbr_Email»
www.bremanger.kommune.no

Bankgiro:
3776.07.50035